



**Haugland og Musland Grendalag starta for to år sidan ein juleverkstad i Vonheim på denne tida og ettersom dei no ønskjer velkome for tredje gong må verkstaden innregistrerast som ein tradisjon! Suksessen var stor i fjor og alt tyder på at verkstaden blir årviss. I fjor var 25 born påmelde, men til slutt var rundt 50 å finna rundt borda i det intime forsamlingshuset.**

Anne Grethe Sjo Musland fortel at verkstaden vil vare i to timar - frå 12 til 14 - og at dagen er laurdag som kjem. Då vil born og vaksne lage mange ffine førjulsting saman. Og dei vil ha ei triveleg stund og koma i god førjulsstemning.

Biletet over vart teke under juleverkstaden i fjor.

(Foto: Thor Inge Døssland)